

## Fylkestingsgruppa til Hordaland Høgre

Mona Røsvik Strømme  
mona.rosvik.stromme@gmail.com

*Kopi:*

*Wenche Tislevoll*

*Nils Marton Aadland*

*Silja Ekeland Bjørkly*

## Om kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Me takkar for eit godt møte 7. november, om kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Me var innoom fleire problemstillingar i møtet, og nedanfor vil me forsøke å gjere greie for desse. Det vert òg lagt ved brev frå Tysnes kommune til Hordaland fylkeskommune, etter møte mellom Tysnes og fylkeskommunen ved Eva Taule m.fl. Brevet frå Tysnes oppsummerer godt vanskane som er med det reviderte planframlegget frå fylkeskommunen.

### Strid med plan- og bygningsloven (heretter «pbl.»)

Eit vesentleg poeng med planframlegget frå fylkesrådmannen er at detaljeringsgraden gjer at fylkeskommunen ikkje har lovheimel etter pbl. for planen slik planen ligg føre.

Regional plan er heimla i kapittel 8 i pbl. Verkemidla som blir nytta i planframlegget er ikkje ein del av regional planlegging. Pbl. opnar for at dette er verkemiddel som er tilgjengelege i kommunal arealplanlegging (og interkommunal planlegging). Denne fortolkinga var det først Steenstrup Stordrange (vedlagt) som kom fram til. Vurderinga blei bestilt av Langøylaks AS i Austevoll og sendt fylkeskommunen i samband med høyringa av planframlegget. Den juridiske fortolkinga blei støtta av regjeringa i eige skriv, og Fylkesmannen i Hordaland har overfor styringsgruppa påpeikt at lovtolkinga hans er lik.

Omsynssoner er heimla i pbl. § 11-8, og plankart er heimla i § 11-5 «kommuneplanens arealdel» (kapittel 11 — kommuneplan). Regjeringa, ved departement og fylkesmann, har altså stadfesta at fylkeskommunen ikkje kan drive planlegging utover det som er heimla i kapittel 8 — og at den ikkje har høve til å ta i bruk verkemiddel som er heimla i kapittel 11, som gjeld kommunal planlegging.

Det betyr at både omsynssoner og bruken av plankart er i strid med kva ein fylkeskommune kan gjere som regional planleggingsmynde.

Det er òg grunn til å stille tilsvarande spørsmål ved detaljeringsgraden i føresegnene. Ifølge pbl. § 8-5 «regional planbestemmelse» står det at «(r)egional planmyndighet kan fastsette regional planbestemmelse knyttet til retningslinjer for arealbruk i en regional plan som skal ivareta nasjonale eller regionale hensyn og interesser.» Detaljeringsgraden i framlegg til føresegner er av ein sånn karakter at dei tilsynelatande òg bryt med intensjonen bak regional planmyndes høve til å fastsette regionale planføresegn.

### Løysing:

**HFK vedtek kystsonenplan utan plankart. HFK reduserer detaljeringsgraden i føresegnene, og sikrar at dei er overordna.**

### **Om planprogrammet og plankart:**

*Det at kystsonenplanen skal ha plankart er heimla i planprogrammet. Dette vart vedtatt 23. april 2014. Her står det at: "Det vert lagt opp til at planen skal ha retningslinjer for arealbruk samt plankart som synleggjer desse og eventuelt regionale planføresegner. Ved vedtak av regionale planføresegner får desse juridisk verknad, også for private utbyggjarar og kommunane."*

*Det bør kunne stillast spørsmål ved om ikkje fylkestinget, som vedtok planprogrammet, burde vore informert av fylkesrådmannen om at plankart vil vere i strid med pbl.*

### Omsynssoner — omgåing av lova

Ovanfor argumenterer me for at fylkeskommunen, med heimel i pbl. føresegn om regional plan, ikkje har mynde til å bruke plankart og omsynssoner i planlegginga si. Sidan det likevel er foreslått, og fordi fylkesrådmannen enno ikkje har imøtekomne statlege styresmakter på motsegna si, så vel eg å drøfte dette òg.

Som vist ovanfor har ikkje fylkeskommunen heimel til å innføre omsynssoner. Dette er eit verkemiddel som inngår i kommunal plan. Regjeringa har slått fast at fylkeskommunen ikkje kan «shoppe» verkemiddel som ligg til kommunane.

«Hensynssoner» er heimla i § 11-8 i pbl. Slike soner blir omtala slik, i paragrafens første avsnitt: «Kommunenplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, kan markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser. Det kan angis flere soner for samme areal.»

I første planframlegg var det foreslått omsynssoner fleire stader i planområdet. Etter motsegn og avklaring frå regjeringa, vedkjente fylkeskommunen seg at den ikkje hadde heimel til å innføre omsynssoner. I det reviderte planframlegget var sonene likevel ein del av plankartet, jamvel noko endra, og omdøypte til «arealsone landskap».

Det framstår openbart at den dei omdøypte «arealsonene» i juridisk forstand framleis er å rekne som «hensynssoner», altså område som viser «hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal.» At fylkesrådmannen meiner at denne problemstillinga er løyst ved å døype omsynssoner om til eit anna omgrep, bør vekke reaksjonar i fylkestinget. Det er arrogant, og eit amatørmessig, men alvorleg forsøk på å omgå lova.

### **Omsynssonene gjeld òg på land:**

Einskiltaktørar og organisasjonar innan havbruksnæringa har tilskrive fylkeskommunen der dei protesterer mot planframlegget. Dette kjem fram av uttaler i høyringa og seinare brev. Det er ikkje nødvendig å gjenta desse her.

Frå kommunane si side er det likevel viktig å peike på andre vanskar som omsynssonene fører med seg. Fleire stader gjer omsynssonene/arealsone landskap seg òg gjeldane på land, blant anna på Fitjarøyene, fleire stader i Bømlo, øyer i Austevoll, inkludert størsteparten av Storekalsøy. Dette betyr at det er restriksjonar på tiltak på land, og nokre av desse områda som er «omsyntatt» er viktige eksisterande og framtidige bustadområde i Sunnhordland.

### Løysing:

**HFK fjernar plankartet og om dette først skjer ved endeleg politisk handsaming, så må fylkesrådmannen, om naudsynt i vedtaks form i førekant, få beskjed om at omsynssonene må bort.**

Og vidare:

**Fylkestinget ber om å få seg førelagt fylkesrådmannens vurdering knytt til detaljeringsgraden i planframlegget, uttaler og brev frå overordna mynde om at slik planlegging ikkje er tilgjengeleg for regional planmynde, og forklaring på kvifor «omsynssone»/«arealsone landskap» framleis er ein del av planframlegget gitt at ein ikkje har heimel til det.**

Strid med føremålet i planstrategi, planprogram og andre fylkeskommunale planar

Eit vesentleg punkt, som ikkje minst havbruksnæringa er oppteken av, er at planframlegget strir med overordna fylkeskommunale planar, og med planprogrammet for denne kystsoneplanen.

I planprogrammet er føremålet følgjande:

*«Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»*

Kommunane som er råka av kystsoneplanen har ingen vanskar med å slå fast at føremålet med kystsoneplanen ikkje er ivaretatt, og at den ikkje er eit godt planverktøy for utvikling av havbruksnæringa, men hindrar eksisterande næringar og framtidig akvakultur på andre marine artar.

Dårleg sakshandsaming:

Jf. pbl. § 8-3. «Utarbeiding av regional plan

*Ved utarbeiding av regional plan skal regional planmyndighet samarbeide med berørte offentlige myndigheter og organisasjoner. Statlige organer og kommuner har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres virkeområde eller egne planer og vedtak.*

*Regional planmyndighet utarbeider forslag til planprogram i samarbeid med berørte kommuner og statlige myndigheter, jf. § 4-1. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Planprogrammet fastsettes av regional planmyndighet.*

*Forslag til regional plan sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.»*

Kommunane har vore høyringsinstans. Vesentlege innspel og motsegn frå kommunar er ikkje tatt til følgje i revidert planframlegg, og i dette er det jamvel gjort justeringar utelukkande for å omgå innspel, og mest alvorleg, omgå viktige korrigeringar som er mottatt frå statleg mynde. Desse, som påverkar vedtaket om planprogram, er heller ikkje teke vidare til fylkestinget. Det er òg klart at kritikk og motsegn frå kommunar og næringsliv til planframlegget er formidla vidare i fylkeskommunen.

Til slutt viser me til pbl. § 8-4, vedtak av regional plan, tredje avsnitt:

*«Dersom statlig organ av hensyn til nasjonale eller statlige interesser på vedkommendes ansvarsområde, eller kommune som blir direkte berørt av planen, har vesentlige innvendinger mot*

planens mål eller retningslinjer, kan de kreve at saken bringes inn for departementet, som kan gjøre de endringer som finnes påkrevd. Tilsvarende gjelder ved vedtak av regional planbestemmelse etter § 8-5. Etter at planen er vedtatt, har fylkeskommunen ansvar for å avklare om innvendinger står ved lag og eventuelt sende planen videre til departementet.»

Slik planframlegget no ligg føre, vil fleire kommunar kreve at planen blir bringa inn for departementet. Gitt deira tidlegare uttaler om mangel på heimel for omsynssoner, er det grunn til å tru at konklusjonen vil vere den same ved klage etter at planen er vedtatt av fylkestinget. Det same gjer seg gjeldande for plankartet, der heimel for dette heller ikkje ligg til regional planmynde, men til kommunane.

#### Relevante kjelder:

\* Plan- og bygningsloven (heretter pbl.):

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_2-3#KAPITTEL\\_2-3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-3#KAPITTEL_2-3)

\* Planprogram for kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

<http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/planprogram-vedtatt-sunnhordland.pdf>

\* Regional planstrategi 2012–2016:

[http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/planer-pdf/regional\\_planstrategi\\_for\\_hordaland\\_20122016.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/planer-pdf/regional_planstrategi_for_hordaland_20122016.pdf)

Med helsing

Kåre Martin Kleppe  
ordfører

Morten Storebø  
ordfører